

SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS
Postboks 24
5401 STORD

Vår dato: 07.10.2024

Vår ref.: 202412248-5 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE gir løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglement for Hardelandsvatn i Etne kommune, Vestland fylke

Vi viser til søknad av 03.07.2024 frå Sunnhordland Kraftlag AS om løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for Hardelandsvatn, ved senking av magasinet under LRV til og med 28.02.2025.

Om søknaden

Den 29.01.2024 fekk NVE ein søknad frå Sunnhordland Kraftlag AS der dei søkte om løyve til å senke Hardelandsvatn ned til 1,0 meter under LRV i perioden 15.04.2024 til 15.11.2024. Løyve blei gitt i vedtak frå NVE 02.04.2024.

NVE fekk den 03.07.2024 ein oppfølgande søknad frå Sunnhordland Kraftlag AS der det blir søkt om å om forlenge løyve til å senke vasstanden i Hardelandsvatn til 28.02.2025. I senkingsperioden vart det avdekka ein terskel som deler magasinet i to delar. Sunnhordland Kraftlag AS søker dermed samstundes løyve til å senke vasstanden i inntaksdammen nedstrøms terskelen 4,6 m under LRV, ned til kote 189,6, for å betre kunne utnytta vatnet i magasinet. Dette blir grunngjeve med at terskelen gjer at ein ikkje kan utnytta heile magasinet i senkingsperioden.

Løyve til å regulere Hardelandsvatn vart gitt ved kgl.res. av 20.04.1923 og har ein høgaste regulerte vasstand på kote 198,2 og lågaste regulerte vasstand på kote 194,2.

For å betre flaumavleiinga frå magasinet, skal eksisterande overløpsdam rivast og det skal byggjast ein ny dam med labyrintoverløp. Både teknisk plan og detaljplan for miljø og landskap er tidlegare godkjend av NVE. For å betre flaumsikringa av byggjegropa under anleggsarbeidet er det naudsynt å senke magasinet under LRV.

Høyring

På grunn av det avgrensa omfanget i saka har ho ikkje vore kunngjord lokalt. NVE har vore i kontakt med lokale og regionale styresmakter for å få deira syn på saka, og meiner at ho er tilstrekkeleg klargjord gjennom dette.



Statsforvaltaren i Vestland uttalar i e-post av 30.09.2024:

Vi viser til fråsegna vår datert 12. mars 2024. Utover dette har vi ikkje merknader til tiltaket.

I sitt fråsegn av 12.03.2024 uttalte Stasforvaltaren i Vestland:

Tiltaket er nødvendig for å kunne gjennomføre pålagt rehabiliteringsarbeid. Det må akseptertast noko mellombels ulempe for allmenne interesser, men eventuell negativ påverknad bør minimerast så langt som råd.

Det er ikkje nemnt noko i søknaden om at tiltaket vil få noko å seie for vassføringa i elva frå Hardelandsvatnet. Vi legg då til grunn at konsesjonsgitte vassføringskrav der blir følgd, og at det ikkje er grunn til å vente at nedtappinga får negative konsekvensar for laks/sjøaure nedstraums vandringshinderet. Dersom dette ikkje er rett oppfatta, ber vi om å bli kontakta på nytt i saka.

Vi reknar heller ikkje med at tiltaket vil få nemneverdig negativ effekt på fisk eller anna naturmiljø i magasinet.

NVE si vurdering

NVE kan gi løyve til å fråvike eit manøvreringsreglement etter vassressurslova § 8 når formålet er nødvendig reparasjons- og vedlikehaldsarbeid. Tiltaket fell etter vårt syn inn under dette formålet.

NVE merkar seg at høyringsparten ikkje har innvendingar mot inngrepet. Vi merkar oss Statsforvaltaren sin kommentar om omsynet til dei anadrome bestandane i vassdraget. Ved løyve er det naudsynt at kravet til minstevassføringa i Sørrelva blir oppretthalde.

Gitt tidspunkt og lengda på fraviket, vurderer NVE at senkinga ikkje utgjør nokon vesentleg fare for viktige miljøinteresser på strekningen. Vi kan heller ikkje sjå at det er nokon andre allmenne interesser som blir vesentleg påverka.

NVE meiner at vurderingane er i tråd med prinsippa i naturmangfaldslova som skal varetakast når vedtak treffest, jf. naturmangfaldslova §§ 8-12. NVE vil i samanheng med dette påpeike at tiltaket er mellombels og naudsynt av vedlikehaldsomsyn. Her føreligger det også viktige samfunnsinteresser i at dammen får naudsynte forsterkningar, jf. § 14. NVE kan heller ikkje sjå at tiltaket er i strid med forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. naturmangfaldslova §§ 4 og 5. Det utvida senkingsrommet nedstrøms terskel i Hardelandsvatn vil gi betre rom for fornybar kraftproduksjon i inngrepsperioden.

Ved å ta slike omsyn kan ikkje NVE sjå at mellombels senking av vasstand under LRV er til vesentleg skade for nokon kjende allmenne interesser.

Konklusjon

NVE gir løyve til at Sunnhordland Kraftlag AS kan senke magasinet Hardelandsvatn 1 m under LRV, samt inntil 4,6 m under LRV i delen av magasinet nedstrøms omtalte terskel på inntil 3,5 månader i perioden 15.11.2024-28.02.2025.



Løyvet er gitt i medhald av vassressurslova § 8.

Løyvet blir gitt på følgjande vilkår:

- Kravet til minstevassføring på 1,5 m³/s i Sørrelva skal overhaldast.
- Alle vasstands-/vassføringsendringar skal skje gradvis slik at stranding av fisk blir minimert eller blir unngått så langt det er mogleg.
- Det skal førast protokoll over vasstanden i magasinet i det tidsrommet vasstanden er under LRV. Det skal kunne framleggast til NVE når tiltaket er gjennomført.
- Perioden med vasstand under LRV må gjerast så kort som mogleg. Oppfylling til normal vasstand skal skje så raskt som mogleg etter at arbeida er avslutta.
- Influensområdet skal inspiserast for å samle opp eventuell fisk som hamnar i avstengde kulpar.
- Instrumentering for registrering av vasstand inntil 0,5 m under LRV skal etablerast samtidig med at magasinet likevel er tappa ned, dersom slikt utstyr ikkje allereie er etablert. Jf. punkt 4.5 i retningslinjer av 20.06.2016 for registrering av vasstand i reguleringsmagasin.
- Ramma partar skal kontaktast direkte for å bli informerte om tiltaket. Informasjon om tappinga under LRV, og den forlengde tiltaksperioden skal publiserast på relevante nettsider, som nettsida til selskapet og sosiale medium. Det blir bede vidare om at kommunen blir kontakta for å leggje ut informasjon om tiltaket på nettsidene deira.
- NVE føreset at Sunnhordland Kraftlag AS har ordna dei privatrettslege forholda som eventuelt måtte bli skadelidande av tiltaket.

Om klage og klagerett

Sjå eige vedlegg om klagetilgang.

Med hilsen

Carsten Stig Jensen
konsesjonsansvarlig

Brit Torill Haugen
fung. seksjonssjef

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner



Mottakarliste:

SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS

Kopimottakarliste:

ETNE KOMMUNE

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: <ul style="list-style-type: none">• Skrive kva for vedtak du klagar på.• Skrive kva for eit resultat du ønsker.• Opplyse om du klagar innanfor fristen.• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.